



## Infoskriv Georeg

Flatraket idrettslag har frå 2019 registrert alle sine postar i Georeg. Dette er ein app for registrering av trimpostar i fjelltrimmen, og den held oversikt over besøkte postar og totalt poengsum.




Fjelltrimmen på Flatraket omfattar 14 postar (2019) i fjella rundt Flatraksdalen og bygdene rundt. Fjelltrimmen går frå 1. oktober til 1. oktober påfølgande år. Kvar post gir ein definert poengsum, og dei som har flest poeng ved fjelltrimmens slutt blir premierte.

Registrering av besøk med appen forenkler opptellinga av poeng, og vi oppfordrar alle til å ta i bruk appen.

Frå mars 2020 finst Georeg i to utgåver, Georeg Lite og Georeg Pro. Georeg Lite fungerer som i dag, og er gratis for brukarane. Georeg Pro kostar 120kr/år, med utvida funksjonalitet i appen.

Nytt får mars 2020 er at det no er mogleg å vere anonym i appen. Dette kan ein velje ved registrering, eller ved å sende ein mail til Georeg. Ein vil då stå som NN i resultatlista.

Bøkene og postkassene vil bestå, og vi oppfordrar alle til å skrive seg i boka sjølv om ein registrerer besøket med app.




For å ta i bruk appen må ein registrere seg på [Georeg.no](http://Georeg.no) (om du får feilmelding under registreringa, sjekk at det ikkje er mellomrom etter e-postadresse eller telefonnummer). Last ned Georeg-appen og legg inn ID (telefonnr).

Sjå meir informasjon og oppdatert turkart på [www.flatraketil.no](http://www.flatraketil.no)



# Oversiktskart Fjelltrimmen



R6 - Oppdatert 20.09.19